

Barnevern i føregangslandet

Stadig fleire norske born vert plasserte i fosterheimar/institusjonar. Fampo¹ vil her retta søkjelyset mot kva norske styresmakter gjer i barnevernssaker.

Litt statistikk

I følgje tal frå Statistisk Sentralbyrå² intervenerte barnevernet i 11 700 **nye** saker i 2007. Om me multipliserer talet 11 700 med 5, får vi 58 500, som er om lag fødselsraten i Noreg. Det vil seia at om barnevernet held fram med å gå inn i like mange saker som i 2007, vil kvart femte barn ha ei sak hos barnevernet. Dette inkluderer alle former for involvering frå barnevernet, frå økonomisk stønad til tvungen plassering i fosterheim.

Ein artikkel frå Statistisk Sentralbyrå viser at talet på born med ei sak hos barnevernet auka med 3,6% frå 2006 til 2007. Nesten 7 900 born var i fosterheimar eller institusjonar i 2008. Dette er ei auke på 2,2 % frå 2007 (inkluderer ikkje saker der foreldra frivillig overlèt omsota for borna til andre).

Barnevernet starta 27850 undersøkingar i 2008. Det er ei auke på 11 % frå 2007.

Barnevernssaker utan rettstryggleik

Forskar Joar Tranøy har skrivi ein rapport for Universitetet i Stockholm, der han ser på metodebruken til sakkunnige psykologar i barnevernssaker. Tranøy gjekk gjennom arbeidet til dei sakkunnige i 37 saker der foreldre tok kontakt, og fann ei rekkje metodiske manglar.

Manglande kjeldekritikk: I 32 av dei 37 utreiingane fann Tranøy manglande kjeldekritikk av ulik karakter og omfang. Konklusjonen i 18 sakkunnige utreiingar viste til andrehandsopplysningar henta frå barnevernet sine rapportar. I 16 sakkunnige utreiingar fanst det opplysningar som var baserte på sladder og rykte, "bekymringsmeldingar". Ikkje-kontrollerte opplysningar er ukritisk gjengjevne som faktum i 18 saker. Dekontekstualisering fanst i 28 av dei 37 rapportane. Dekontekstualisering kan mellom anna dreia seg om å underslå opplysningar i samband med personskildringar. Dekontekstualisering kan også vera at den sakkunnige tek delar av ein tekst eller ei handling ut or samanhengen og dermed hindrar lesaren i å skjønna samanhengen

Tranøy fann òg attgjevingssfeil som rår biologiske foreldre, og tendensiøse framstillingar. Eit døme på ei tendensiøs framstilling er følgjande utsegn frå ein rapport: "*Far opptar for eksempel hele spisebordet med sine hobbyaktiviteter og det er svært uryddig og til dels skittent i huset.*" Den sakkunnige observerte dette berre i kort tid (15 min. i følgje biologiske foreldre). I følgje foreldra og naboar var det vanleg at borna tok del i hobbyarbeidet, som var bygging av modellfly. Den sakkunnige hadde ikkje undersøkt dette.

Tranøy tek opp fleire manglar ved rettstryggleiken i barnevernssaker. Utreiinga til utreiaren kan samanliknast med oppgåva til ein politietterforskar; båe skal finna fram til dei faktiske

¹ Folkeaksjonen mot maktmisbruk, politistat og overgrepskultur – sjå www.fampo.info.

² Se www.fampo.info/bvstatistikk.html

tilhøva. Dei skal ta stilling til om tiltalte vert frifunnen eller dømd, eller om barnet skal fjernast frå familien.

Rolla til Politiuttreiaren er nøye regulert i straffeprosesslova og føresegner. I barnevernssaker er dette heilt annleis. Det manglar heilt reglar for innhenting av informasjon. Den einskilde barnevernsarbeidaren avgjer fritt om samtalar med impliserte vert tekne over telefon eller ved personleg frammøte. Ofte vert telefon bruka. Ein får ikkje lese opp det sakshandsamaren skriv ned, og opplysningane vert ofte skrivne utan at eit einaste kontrollspursmål vert stilt.

Barnevernssaker byggjer ofte på anonyme meldingar. Desse vil det vera umogleg å forsvare seg mot, fordi ein ikkje veit kven kjelda er, om kjelda er truverdig, om kjelda har førstehands kunnskap, eller berre har høyrte meir eller mindre lause rykte, om kjelda står i eit motsetningstilhøve til føresette osv.

Barnevernet oppnemner sakkunnige, utan førehandskontakt med den private parten. Ofte brukar dei sakkunnige frå lister utarbeidde av barnevernet, eller med nær tilknytning til barnevernet. Psykologar som har fleire sakkunnige oppdrag i barnevernssaker, opptrer ikkje sjeldan på møte med barnevernet utan at den private parten er til stades, og får svært einseitig informasjon. Slik får ein i utgangspunktet negative synspunkt på den private parten føre utreiinga har byrja, og sakkunnige kan dermed byggja på faktisk gale grunnlag.

Eit anna problem er psykologanes hyppige hattebyte i barnevernssaker. Sverre Kvilhaug har lang røynsle som advokat i barnevernssaker og vert rekna som ein markert kritikar av rolla til sakkunnige i barnevernssaker. Kvilhaug spør om kravet til rettferdig rettargong er oppfylt:

"Menneskerettskonvensjonens artikkel 6 foreskriver at enhver har krav på rettferdig rettergang. Dette gjelder også i barnevernssaker i fylkesnemnd og domstoler vedrørende omsorgsovertakelse av barn, tilbakeføring og samvær. Psykologene har i disse sakene en svært spesiell rolle. De betales av barnevernet for å være med og avgjøre sakene. Slik skifter de stadig hatter. Omfang og økonomisk betydning for ganske mange psykologer er slik at det er rimelig å spørre om psykologenes rapporter, men også deres stemmegivning, påvirkes av deres økonomiske interesse av å sikre nye oppdrag for barnevernet. Underlig nok synes problemstillingen hittil ikke å ha plaget fylkesnemndlederne, domstolene eller departementet. I straffesaker ville et tilsvarende hattebytte aldri ha blitt akseptert og ikke engang funnet på."

Kvilhaug utdjuvar dette slik:

"Jeg skal illustrere omfanget: En psykolog i Nordfjordeid opplyste i 2001 at hun hadde hatt cirka 40 saker som betalt sakkyndig for barnevernet og cirka 50 saker som sakkyndig medlem av to forskjellige fylkesnemnder. Vel ett år senere hadde hun hatt ytterligere elleve oppdrag for barnevernet og fem for fylkesnemnd, hun hadde dessuten vært fagkyndig meddommer i herredsrett. Kan man ha tillit til at en psykolog som har så mange oppdrag for barnevernstjenester som forannevnte tilfelle viser, av stor økonomisk betydning for vedkommende psykolog, vil gi eller er i stand til å gi den private part i en barnevernssak en saklig og rettferdig behandling? Vil ikke de fleste tro at slike psykologer gir barnevernet medhold i bortimot 100 prosent av sakene, og er det ikke nettopp det disse psykologene i praksis gjør? Er det noen som tror at en psykolog som stemmer mot barnevernet, har særlig mulighet for å få et oppdrag for barnevernet senere?"

Eit døme kan tene til å illustrera på korleis mange sakkunnige psykologar opptrer i barnevernssaker. Cand. jur Herman Berge fann ved søk på Lovdata følgjande mønster hjå ein sentral psykolog tilknytt FOSAP (Forum for sakkyndige psykologer):

"Ved en gjennomgang av de 33 avgjørelser som jeg fant på Lovdata, finner man ingen avgjørelser hvor Poulsson ikke har konkludert til fordel for sin oppdragsgiver. Man kan dermed trygt konkludere med at Poulsson konsekvent konkluderer i tråd med oppdragsgivers ønsker og syn. Poulssons arbeid har derved - etter mitt syn - overhodet ingen verdi som fagmateriale, og er - slik det fremstår - naturlig nok uegnet - og endog skadegjørende - i barnevernssaker."

Følgjer av omsorgsovertaking

Sverre Kvilhaug har skrive boka *Atskillelse barn og foreldre* med undertittel *Hva internasjonal forskning sier om sammenheng mellom atskillelse i barndommen og senere fysiske og psykiske lidelser*. Kvilhaug går gjennom omfattande forskning som viser at det å skilja born frå foreldra i tidleg alder inneber stor risiko for at barnet utviklar psykiske problem. Mindre kjend har det vore at problema òg kan melda seg først i vaksen alder.

Av dei mange forskingsresultata Kvilhaug viser til³, vel me her å referera til eitt. Ei undersøking gjort av gruppe forskarar i Israel, **O. Agid, B. Shapira, J. Zislin, M. Ritsner, B. Hanin, H. Murad, T. Troudart, M. Bloch, U. Heresco-Levy og B. Lerer, presentert i Molecular Psychiatry i 1999**, og referert m.a. i Mental Health Today, la fram dramatiske forskningsresultat vedrørande psykiske forstyrringar relaterte til tidleg tap av foreldra. Dei nemnde israelske forskarane gjennomførte ein analyse av konkrete sjukehistorier, ein "case control study", der omfanget av tidleg tap av foreldra anten ved at foreldra døydde, eller ved at dei vart varig skilde frå foreldra, føre pasienten var 17 år gammal, vart kartlagd hjå pasientar med alvorleg depresjon, manisk-depressiv liding og schizofreni. Resultata vart samanlikna med ei gruppe individuelt matcha friske personar.

Undersøkinga viste at tap av foreldra i barndomen (inntil 17 års alder) signifikant ($P = 0,001$, dvs at sannsynet for at resultata var tilfeldige, er ein promille) auka sannsynet for å utvikla alvorleg depresjon i løpet av vaksenlivet. Effekten av at borna vart skilde frå foreldra på annan måte enn ved daud, var meir slåande enn der foreldra døydde, og det same gjaldt tap som hende føre 9-års-alderen, samanlikna med tap seinare i barndom og ungdom. forskarane fann og signifikant større omfang av tidlig tap hjå dei med manisk-depressive lidingar, samanlikna med kontrollgruppa av friske personar. Og når det gjaldt schizofrenipasientane, fann forskarane eit signifikant ($P = 0,01$, dvs. at sannsynet for at skilnaden var tilfeldig, er ein prosent) større omfang av tidleg tap av foreldra, særleg at pasienten vart skild frå foreldra føre 9-års-alderen

Ikkje uventa konkluderer Kvilhaug på bakgrunn av denne og mange andre undersøkingar at om ein ser bort frå alvorlige tilfelle, som når born vert slegne helselause eller utsette for incest, er det å ta borna frå foreldra meir skadeleg enn å la borna vera hjå foreldre med (påståtte) manglar. Det er verd å merka at dei forskingsresultata Kvilhaug viser til, ikkje er vortne imøtegåtte av norske fagfolk; ein har i staden opptrådt som om dei ikkje har eksistert.

³ Du kan lesa meir om emnet på www.fampo.info/artikler_av_kvilhaug.html - eller enda betre – kjøpa boka *Atskillelse barn og foreldre*.

Eit døme på korleis fagfolk ignorerer eksisterande forskning, gjev Kvilhaug på side 109 – 110 i boka. Turid Vogt Grinde utarbeidde i 1993 ein kunnskapsstatus for barnevernet på oppdrag frå NORAS (i dag NOVA). Grinde hadde bakgrunn som klinisk psykolog, som byråsjef for barnevernet, seinare forskar, først i Sosialdepartementet og så i Barne- og familiedepartementet i om lag 15 år. På den tida ho laga kunnskapsstatusen, hadde ho kontor ved barnevernets utviklingssenter, men var framleis tilsett i departementet; ho satt svært sentralt til i barnevernssamanhang. Som referansane i *Atskillelse barn og foreldre* viser, fanst det på det tidspunktet då Grinde skreiv sin kunnskapsstatus, meir enn nok undersøkingar som synte alvorlege skadeverknader av å skilja born frå foreldra. Til trass for dette uttaler Grinde på side 115 at:

”Det er alminnelig mening at de fleste barna profiterer på å være under omsorg framfor å vokse opp i konfliktfylte hjem og belastede miljø, og det vi har av forskning peker også gjennomgående i denne retning.”

Dette uttaler Grinde i en offisiell rapport til tross for omfattande forskning som viser noko heilt anna. Ein kan òg spørja kva ei ”alminnelig mening” gjer i ein slik rapport.

Når vi ser på korleis born vert handsama i barnevernsinstitusjonar, blir biletet enda verre. Fampo har samla lekkjer til diverse nyhende og artiklar som omhandlar noko av den ”omsuta” som blir desse borna til del, på www.fampo.info/bv2.html.

I ein artikkel på nrk.no 4. februar 2009 kjem det fram at barneverninstitusjonar ikkje melder frå når barn rømmer. Politiet i fleire store byar reagerer på at born vert overlata til rus og kriminalitet. Geir Nerland, leiar for Oslo-politiets gatepatrulje nemner som eit døme to jenter på 13 og 15 år som var på rømmen utan at dei vart melde sakna. Politiet trefte så på jentene på Plata i Oslo sentrum. Nerland understrekar at det berre er ei av mange historier. Nerland uttaler følgjande om den offentlege omsuta:

Til og med de som er dårlige foreldre ville meldt sitt eget barn savnet. Her tar derimot det offentlige omsorgen for barna og plasserer dem på institusjon, og der tilbys barna mindre omsorg enn det dårlige foreldre ville gitt.

Ein artikkel på nettstaden knut.com tek føre seg grove seksuelle overgrep på en barnevernsinstitusjon og etterspelet dei fekk. Det vert vist til tidlegare oppslag på knut.com om overgrepa. Bufetat og leiinga ved barneheimen avgjorde at dei ikkje ville flytte overgriparen eller ofra; dei vart buande på same avdelinga på ”akuttinstitusjonen” i åtte månader etter at overgrepa hende. Etter at saka vart offentleg kjend, innrømde Bufetat at dei hadde gjort ein feil, og at dei burde ha flytt overgriparen og ofra frå einannan. Den tilsette som varsla om tilhøvet, vart løna med politimelding. Me gjev att frå tv2nyhetene.no 24. januar 2009:

I en intern e-post sendt 19. januar i år skriver informasjonssjef Mirjam Glosvik at regionkontoret har anmeldt det de mener er et mulig straffbart forhold.

”Bufetat region vest har levert inn en politianmeldelse vedrørende lekkasje fra klientjournaler. Lekkasjen førte til medieoppslag på TV2. Politiet vil nå etterforske saken, og etter dette vil eventuelle arbeidsrettslige konsekvenser vurderes”, skriver Glosvik i eposten.

Ei rekkje artiklar tek føre seg narkotika i barnevernet. Ein artikkel på vg.no 6. juni 2009 viser til at over helvta av barnevernsborna har rusa seg. *Har lært alt om dop i barnevernet* er

tittelen på ein artikkel på bt.no 21. februar 2009. - *De ansatte vet vi ruser oss. Det virker som de ikke bryr seg*, uttaler en 17-åring til Bergens Tidende. Bustaden, som tilhører ein barnevernsinstitusjon i Hordaland, skildrar han slik: *Det er som et stort narkoreir. Folk kommer hit for å kjøpe dop, for å selge dop eller for å bruke dop.*

Guten fekk diagnosen ADHD då han var 13, og foreldra kjende at dei måtte ha hjelp, og vende seg til barnevernet. Han fekk plass på eit akuttmtottak. I følgje BT er guten vorten flytt 15 gonger i alt i karrieren som barnevernsbarn. Plasseringane har vore både tvangsvedtak og frivillige. Fellesnemnaren for alle stadene har vore at han har rusa seg. Derimot kjende han ikkje til narkotika føre han hamna i barnevernet: ”- Den gangen visste jeg ingenting om narkotika eller rus. Jeg ante ikke hva hasj var, sier 17-åringen.” Vidare skriv BT:

- Det er umulig å slutte, fordi det er så mye av det. Alle vennene jeg har fått på disse stedene misbruker narkotika, sier 17-åringen.

I etasjen under bor en 18 år gammel jente. Leiligheten er ekstremt rotete. I en glasskrukke på salongbordet ligger en hasjklump, pipen ligger under sofaen. Også hun har bodd på en lang rekke institusjoner i Hordaland de siste fire årene. En av dem var særlig tilrettelagt for ungdom med rusproblemer.

- Jeg har aldri ruset meg så mye noe sted som jeg gjorde der. Det går ikke an å slutte på institusjon. De ruser jo ræven av seg alle sammen, sier hun.

Ein artikkel på vg.no 9. mars 2004 omhandlar ein 17-åring som vart send til Thailand saman med to tilsette i ein privat barnevernsinstitusjon. Turen kosta Østfold fylkeskommune kr. 3 000 døgeret. Føremålet med turen var å ta dykkarsertifikat, men då dei kom fram, oppdaga 17-åringen at han hadde klaustrofobi. Guten var mykje åleine under opphaldet og kjøpte både hasj, pillar og krystallisert amfetamin, og rusa seg det meste av tida. Han vart blakk, men fekk låne meir pengar av dagleg leiar i institusjonen Oppatt O Atte AS (seinare konkurs).

Dei tilsette sendte 17-åringen åleine heim med fly. Med seg i bagasjen hadde han nyinnkjøpte våpen som vart kverrsatte på Gardermoen: fire slåsshanskar, ein batangakniv, ein springkniv og ein teleskopbatong. De to tilsette vart att i Thailand og hadde sikkert ein fin tur.

For fleire døme på den omsuta norske barnevernsbarn får – sjå www.fampo.info/bv2.html.

Rett adressat

Barnevernet er på ingen måte den viktigaste institusjonen når det gjeld barnevernssaker. Det er retten som har det siste ordet når spørsmålet er om borna skal takast frå foreldra eller ikkje. Dag Hiåsen har skrivne to artiklar om Svanhild-saka, som kan lesast på <http://www.fampo.info/barnevern.html>. I artikkelen *Svanhild-saken* påviser Hiåsen at Hålogaland lagmannsrett braut straffelova då lagmannsretten tok frå Svanhild Jensen omsutsretten for dei to borna hennar.

Som privat oppnemnd sakkunnig kunne Joar Tranøy påvisa at rettsleg oppnemnd sakkunnig Skjæveland hadde feilsitert det han vart fortald av m.a. kommunelækjar Nysveen, rektor Isaksen og klasseforstandar Greaker. Dette vart ikkje nemnd i dommen frå lagmannsrettens. Dermed har lagmannsretten fråteke Svanhild omsutsretten på falskt grunnlag. Jamvel andre

sider ved domen er slående; lagmannsretten omtaler IQ-testen som ble gjort av Svanhild som ei ”medieskapt avsporing”, til tross for at det i papira frå Fylkesnemnda kjem fram at nemnda i hovudsak la vekt på IQ-testen som i følgje lagmannsretten er ei ”medieskapt avsporing”.

I sak etter sak kan det dokumenterast at norsk rett opptrer korrump. Om me skal få gjort noko med barnevernssystemet, er det avgjerande at me fokuserer på retten, korleis rettsapparatet opptrer både i barnevernssaker og andre saker. Spesielt kan ein merka seg Bygdepost-saka, der to rettsinstansar underslo framlagd dokumentasjon i saka der ansvarleg redaktør i Bygdeposten AS gjekk til sak for usakleg oppseiing. Redaktøren vart oppsagd hausten 2001 etter å ha publisert fleire artiklar og leiarar med bakgrunn i dokumentasjon frå Fampo.

Du finn meir om norsk rettsstell på www.fampo.info/lovogrett.html og på www.fampo.info/jurister.html. Sistnemnde lekkje er til ei alfabetisk samling artiklar om kva norske juristar syslar med. Artiklane omhandlar domarar og andre juristar som utfører, legg til rette for eller forsvarer justismord, og andre som fortener oppmerksmd.

Det er politikarane som fastset lovverket barnevernet skal følgje, og som løyver middel til barnevernet (anten det er statleg eller lokalt). Norske politikarar har gong på gong motteke dokumentasjon av alvorlige ikkje-rettsstatlege tilhøve i Noreg, m.a. gjennom fleire opne brev frå Fampo.

NB!

Fampo har fått fleire meldingar om at folk ikkje har kome inn på nettstaden vår – www.fampo.info. Ver klar over det dersom du ikkje kjem inn på nettida. Du kan i så fall freista fleire gonger, gjerne frå fleire datamaskiner, eller freista spegelsida www.fampo.no/forside.html.

Du kan hjelpa til

Så lenge folk flest ikkje kjenner til kor alvorlege dei ikkje-rettsstatlege tilstandane i Noreg er, kan styresmaktene tura fram. Du kan hjelpa ved å spreia denne pamfletten vidare – eller andre flygeblad/pamflettar som finst på www.fampo.info/flygeblad.html. Dei som skulle ropt opp om tilhøva, politikarar og media, gjer ikkje det. Då må me andre spreia informasjon – om me ikkje vil at tilhøva skal halda fram.

Fampo – www.fampo.info
E-post: [fampo at hotmail.com](mailto:fampo@hotmail.com)

Postadresse: 3355 Solumsmoen